


Listéra

1 - 1995



TELEMARK BOTANISKE FORENING

ADRESSER OG TELEFONER:

- POSTBOKS: Telemark Botaniske Forening, Postboks 625,
3903 PORSGRUNN.
- POSTGIROKONTO: 0806 3272788
- KASSERER: Olaf Svendsen, Enggravtunet 12, 3711 SKIEN.
Tlf.: 35 50 05 91
- STYREMEDLEM: Priscilla Hansen, Borgetun 46, 3711 SKIEN.
Tlf.: 35 50 13 96
- STYREMEDLEM: Charlotte Bakke, Huldrevn. 3,
3928 PORSGRUNN.
Tlf.: 35 51 27 01
- STYREMEDLEM: Bjørn Erik Halvorsen, Utsikten 4,
(og formann i turkomitéen) 3911, PORSGRUNN.
Tlf.: 35 55 42 57
- STYREMEDLEM: Thor Andreas Wiersdalen, Øvre Lundev. 30,
3940 HEISTAD.
Tlf.: 35 51 20 33
- FLORA-ATLAS: Ole Petter Oksum Eriksen, Ospestien 19,
1370 ASKER.
Tlf.: 22 90 49 12

ISSN 0801 - 9460

I redaksjonen:

Roger Halvorsen, Priscilla Hansen og Thor A. Wiersdalen.

Forsidebildet:

Finnmarkspors, *Ledum palustre*, er funnet bare et sted i Telemark: ved Kilen i Kviteseid hvor den vokser ved et par små tjern. Denne lokaliteten er også den vestligste i Europa.

Foto: Roger Halvorsen.

TJØNNROSA

Olav Aukrust

Det er grøtande, det er sårande
djupt seg røtande, fagre, dårande
kjenslur rivn med rotom upp...
Sjå ei tjønnros på svarte votn
symja still millom sol og botn,
englefager med opna knupp:
kven vil tru, at innunder yndeleg
liljedrøymande jomfruro
kann i mar-dy og natt so syndeleg
seige tjønnrose-røter gro!



REDAKSJONELT

"LANDET RUNDT BANDAK" MED ASLAUG VAA".

Ja, dette kunne vært tittelen på det foreløpig siste heftet med tema fra Bandakområdet.

Fra Inger Nordals hånd har vi fått en flott artikkel om diktene til Aslaug Vaa. Hennes dikt er smekkefulle av blomster på kviteseiddialekt og er et godt eksempel på hvor sentralt blomstene har stått i folks liv. Man kunne være fristet til å si at hver dialekt sitt navn på blomstene. Slikt er kulturhistorie, og deler av den er på vei ut. Kanskje skulle Listera og TBF slå et slag for å få samlet inn det som Ove Arbo Høeg ikke fikk med seg i sitt gedigne verk "Planter og tradisjon"?

Nå er det neppe siste gangen at det kommer stoff fra den kanten av Telemark. Det er mye å fortelle om derfra. Stadig gjøres det nye funn i øvre delen av fylket vårt, og med planer og ønsker om flere helgeturer til kommunene i Vest-Telemark, er det vel fare for at siste ordet ennå ikke er sagt om floraen her. Vi venter nye neste år.

Ellers har vi utvidet horisonten litt. Fra Per Sunding ved Botanisk museum på Tøyen har vi mottatt en fyldig artikkel om Hans Jacob Wille og hans "Sillejords beskrivelse". Også denne artikkelen vitner om at botanikken favner vidt innenfor begrepet kultur. Vi for vår del kan bare oppfordre medlemmene til å skaffe seg "beskrivelsen" som kom i nytrykk i 1989, over 200 år etter at den første gangen kom ut. Den er virkelig fornøylig lesning.

LISTERA FRAMOVER

Nå håper vi at Listera etterhvert kan komme i bedre gjenge. Vi kommer til å satse litt annerledes framover. Vi har lite stoff på lager, og det vi har, vil bli brukt i neste hefte. Så til neste hefte trenger vi

mer. Det er sagt flere ganger at stoff som blir sendt inn til Listera ofte kan være uaktuelt når det kommer på trykk. Kanskje er det så, og kanskje er det slik at vi får så lite stoff fra medlemmene, at det som vi får, ofte er uaktuelt når vi endelig bruker det. Vi har derfor bestemt oss til at vi kommer til å kontakte en del personer for å få noe stoff til bladet. Men det vil likevel være behov for stoff fra dere som føler at det er ting dere kan gjøre noe på. Skriv derfor til Listera!

FRISTER FOR UTGIVELSE

Frister ja! Det høres vel bra ut. Vi satser på at vi SKAL ha et hefte ut på våren og et på høsten. Kanskje kan vi få stoff inn uten at noen behøver å være redde for at det skal bli uaktuelt. Så får vi trykke Listera med det stoffet som kommer inn uten at redaksjonen behøver å sette seg ned for å produsere en hel masse selv, - for det er vel ikke meningen?

Vi kan i noen grad sakse litt fra "konkurrerende" blader, og vi kan få laget litt stoff om sommerens hovedekskursjonsmål i vårheftet. Det er avhengig av hva styret sender oss om den.

TEMAHEFTER

Vi har nå laget tre hefter med **Bandak** som hovedemne. Vi har lite hørt om hva medlemmene synes om de to første heftene. De er litt forskjellige, men de bærer likevel i seg mange av de samme elementene. Skal vi fortsette med temahefter? Det være seg hefter med områder av Telemark som tema eller hefter hvor botanikken knyttes opp til f.eks. historie, medisin, flora-atlas, gamle navn o.l.? Gi oss et tips!

Redaksjonen.

TELEMARKSFLORAEN I DIKT AV ASLAUG VAA

Av Inger Nordal

Aslaug Vaa hadde sommaren 1989 vore 100 år om ho hadde levd. Telemark Botaniske Forening fylte 10 år om lag på same tid. Som jubileumshelsing til foreninga vil eg presentere eit utval av botaniske bilete med særskild telemarkstilknytning i lyrikken hennar.

Aslaug Vaa vart fødd på fjellgarden Kvomme i Rauland i 1889. Frå treårsalderen vart Kviteseid heimstaden hennar. Det er ikkje vanskeleg å kjenne att telemarksfloraen i mange av dei botaniske bileta ho brukar. Ofte nyttar ho dei botaniske motiva allegorisk - som symbol på kjensler og stemningar hos henne sjølv:

Når Gud skapte bloman
tenkjer han vel:
moldi er kroppen
og bloman er sjel.

Eg har likevel valt ei heller sjellaus og upoetisk form i framstillinga mi. Eg vil gå gjennom plante-artane, alfabetisk etter den namneforma Aslaug Vaa sjølv kjende frå Vest-Telemarksmålet. "Dette underlege målet - mjukt som blomen, hardt som stålet", skriv ho sjølv.

BALDERBRÅ (*Matricaria inodora*)

Teken med som engplante i "Uppi vi'eren". Sjå under HUMLEBLOM.

BERGBRUR (*Bergfrue, Saxifraga coryledon*)

I diktet "Søtrot og bergbrur" er ei jente på leit etter søtrot, men fann ikkje -

for der fekk ho auga på ei bergbrur
som skein der høgt uppe i ufsi.
Den må eg hava, sa ho og la i veg

Ho støyter på ein gut i graset - og blir fanga opp. Guten skjønar ikkje lengten hennar:

Au so vene bergbrurir i ufsin.

....

Ho gret og bad.

"Å hu meg, å grine for ei bergbrur." sa guten

og så tok han og sett' ho ned i det mjuke graset.

"Å," sa han, "sit du kje no finar' enn bergbruri i skorta!"

.... munnen hans lo og sa:

"Ein gut i fanget

er meir enn ti bergbrurir i ufsi."

Draumen om bergbruri er i diktet vorten til draumen om det uoppnåelege:

Der rann soli burti ufsin;
der stod bergbrurin og skein.

....

Ajei, ajei,
der upp kjem eg aller!



I eit anna dikt, "Bergbruri", gjev arten bilete på lykka mellom to menneske:

Ho er ikkje tidt å finne,
men ein dag stend ho der,
i harde berget,
og då er ho ansleis enn alt anna.
.....

Når bergbrurin speglar seg i myrke
fjöllvatn,
er det to som smiler til einannan,
er det to som vaknar or draumen sin.
Når bergbrurin drys sjønnun sine ivi
vassflata
er det to hugar som flyt ihop
og laugar seg på djupet
og leikar seg med blå himil og kvite
skyr.

Om Aslaug Vaa skulle ha valt fylkes-
blom for Telemark, ville nok Bergbrura
kome høgt opp på lista. Arten, der han
veks i "bratte ufsin", er brukt som symbol
også i dikta "Tussemessa", "Gyri tek ut",
"Treet og krossen", "Upp i vi'eren",
"Elvesteinen" og "På vegakanten".

BJØRK (*Betula pubescens*)

Bjørka er med i ei rekkje av dikta
hennar, men for det meste som kulisse:
"Minnest du nettan i Nivelkinn?", "Gyri
tek ut", "Bergbruri", "Dei ljose aplan",
"Strandsteinen", "Du slo ein ring",
"Tanken", "Elvesteinen", "Bruerslått",
"Eg er kje eismall", "Uppi måneskin",
"Aprildag" og "Duva og dropen".

I diktet "Bjørki og berget" har treet fått
ei meir sentral rolle å spela i kampen for
tilveret:

Bjørkelidan stend og tøygjer seg i mot
det høge berget med det harde grot.
Bjørki nei ar i den grøne stakken
og berget briskar seg og slær med
nakken.

Bjørki ringlar upp med blekkji sine små.
Berg et møter ho med kampesteinar grå.
Ho kikkar upp mot toppen, kliv i reinan

og smett og smøygjer seg oppivi
steinan.

Då rister berget ryggen sin og ris i ras,
den kvirve bjørkebuska vil det knå i
knas
og steinan losnar kring i urd og ufsar
og ned igjenom gil og djuv dei
bjørkebuskan knufsar -

- til dei tek botnen og i åi dett
med vatnet bublar seg og kring dei
skvett.

- Då raset gjekk låg bjørki flatt nedetter,
men snart dei spretne greinin upp seg
retter.

Ho sveiper kring seg stakken, kliv i urd
og reinar
og trugar trassug imot store steinar:
"Å eg skal liva, liva evigt, eg,
kor mange gonger du so knuser meg!"



Ill.: Lids flora 1994.

BJØRNEBÆR (*Rubus fruticosus* coll.)

Dette artskomplekset er kystbunde, og
har ikkje spela noka rolle i dikta som ber
preg av Vest-Telemarks-natur. Eg har fun-
ne det i eitt, "Den seine sommornatt" (sjå

under ROSE), der rosa stikk medan bjønnberet "kislar". Med meir røynsler frå bjønnebærkratt på Sørlandet ville ein kan hende like gjerne ha bytt rollene?

BLÅKLOKKE (*Campanula rotundifolia*)

Blåkløkker "ringlar ivi li og voll", og dei er elles med i dikta "Jo syng", "Når ein sender bod", "Treet og krossen", "Uppi vi'eren", "Sid'beinet", "Villarkorn" og "Det skriv seg i sanden".

BRAKAND (Trollhegg, *Frangula rhamnus*)

Frå "Minnest du nettan i Nivelkinn?":

I borken av brakand ein bite ho bit.
Då fekk ho sjå det som aller ho visste;
det duna i bakken so bjørkane riste
Gygrine dansa på Hægefjell

Brakand er faktisk ei dialektform som Ove Arbo Høeg ikkje har fått med i "Planter og tradisjon". Han nemner **Brakall** som meir eller mindre gjennomgåande for Telemark. Borken av brakallen har vorte bruka som laksativ og til farging. Hos Aslaug Vaa er det som trolldomsplante han verkar. Brakand er også med i diktet "Gyri tek ut".

BRISK (Einer, *Juniperus communis*)

... "du briskebusk burti gråstein" og "du briskebusk i ei steinrøys" har i diktet "Bilæte" vorte symbol på kjærleik, for "på deg kvilde blikket av den som er kjær". Elles er det eit vakkert bilete av spegling i fjellvatn i "Bergbruri":

Og bratte reinar
med bjørkekrullar
og rape og viu og tett grøn brisk
stend på skallen i vatnet.

Og til slutt finst ein "strunten brisk" i diktet "Upp i svadbergi". Alt i alt ser ikkje brisken ut til å ha vore så viktig i Aslaug

Vaas bileterverd (i motsetnad til furu. Sjå nedanfor).


EIK (*Quercus sp.*)

Som ein kan vente hos ein vesttelemarking spelar ikkje eika noka stor rolle. Treet er nemnt saman med lind i "Når kan ein sjå".

FIOL (*Viola sp.*)

I det vakre kjærleiksdiktet "Det talar under haslerunnar" har fiolen fått sitt eige vers:

Men fiolen burti bakken
bøygjer seg so mjukt i nakken,
"Du ser vel mine kruneblad
dei hev ein lit so blå og glad -
og eg er slik som den du veit!".



Ill.: Lids flora 1994.

FURU (*Pinus sylvestris*)

I meir enn 10 av dikta til Aslaug Vaa har furua ein heilt sentral plass. Fura (fleirtall furun), som ho seier, er biletet på det sterke og trygge, det som varar og det som ein alltid kan kome heim til. I eit av dei første dikta hennar, "Nord i leite", heiter det:

Furun skal sparast til dei er eldgamle,
hev dei fyrst halde seg til då
er dei det beste vyrke å byggje av.
Slike timbrur kan halde seg i hundravis
av år
med' anna vyrke sig i røys

Etter år utanlands har ho vendt heim, og draumen hennar ("Nord i leite"):


.....

ligg og liver millom greinin på furader
hev bare sprutte fram nokon små
kokleblomar
på ljøsgrøne skot som hev runne sea
seinast
- og dei og den raudgule borken eimar i
solvarmen;
fura er so hard i veden og so mjuk i
angen,
roti sprikjer ut frå stuvn og grev seg
ned i stein og tuftir
der ho fyrst hev runne lyt ho få stande,
fura.

Og eg som ha tenkt få ein til å taka ho
med øksi,
kviste ho og skante ho til
og draga ho ned i den viki,
du veit der det nye huset mitt sill stande.

Nei, men det kan eg ikkje.
Dertil ris ho for vent upp frå tufti.
Dertil ber ho draumane mine for varleg
på greinin sine.
Og so let ho meg alltid få kvile so trygt
innåt stuvn sin.

Borken av furu har ein spesiell ange i
fleire av dikta, til dømes "Minnest du
nettan i Nivelkinn?". Fargen som "dessa
galne raude furuleggen" og "den ruflutte
borken" gjev óg viktige bilete og symbol
i dikta.



Ill.: Nordhagens flora.

Biletet på furua som trøyster (til dømes
"Marskveld") minner om enkelte dikt av
Edit Södergran.

Ja, ved den furuleggen trur ein at det
stend
enno ein og ventar, ja, ein kjær og
kjend -
so hallar ein seg inn åt den trygge
furustamn,
og tøygjer seg med arman, med'
munnen sei' eit namn.

- Du skrapar meg i kinnet, du harda
furulegg
ned frå turgreinin kislar meg ditt
grågrøne skjegg,
- du er gamal, du er vis, du er stødleg,
der du er,
- og en galning stend og held deg, som
var du ein kjær -

I tillegg til dei nemde dikta er furua med
i "Jo stryk til Nivelkinn", "Burtafor",
"Furuleggen", "Der var ein stad", "Sjá til
liljune på marki", "Du vender andlitet
burt", "Lauvsalfest" og "Novemberen".

GRÅN (fleirtal grænar, *Picea abies*)

Grana er på langt nær så viktig som
furua hos Aslaug Vaa. Ho er å finne i "I
marsi måne", "Uppi måneskin", "Mine
vene lauv" og aller vakrast i skituren frå
"Snjo-sjønnur på vettervegen":

Og eg strauk ned att
på fljote ski,
med kveldsoli mot meg
- og grånkvistin kjælde meg
i det eg glei forbi,
og dei druste fine kvite fjom på meg.

HASSELBUSK (*Corylus avellana*)

Eit av dei seinare dikta til Aslaug Vaa, "I
hasseldokk", gjev kvintessensen av hassel
i alle dei andre hassel-dikta:

I hasseldokk låg eg
den lange nott,
ved hasselbuskrøtan
der kvilde eg føtan
med netane draus
- i hasseldokk -

I hasseldokk sov eg
so god ei nott
til draumane rakna
då morgonen vakna
og vindane bles
- i hasseldokk -

Hasselholtet er i nokre dikt kalla eismal-
hagen. Og under hasselbuskane er det all-
tid ei god einsemd der ein kan finne fred
og drøyme gode draumar, gjerne om den
ein har kjær. Slik er det i "Barsok", "Det
talar under haslerunnar", "I marsi måne",
"Løyndomen", "Du slo ein ring", Skuggen
og strendan", "Sid'beinet" og "Nordly-
sun". Og betre enn i "Linerlun" går det
knappt å skildre stille glede:

Og vil ein ha fred i hugen sin
skal ein vera ein dag i Nivelkinn.
Når haslegreinin av netane bognar,
når konnet skjærnar og moltune mognar-



Ill.: Nordhagens flora.

HEGG (*Prunus padus*)

I hegge-dikta er det blomane, "hegge-
liljun", som spelar hovudrolle. Frå "Min-
nast du nettan i Nivelkinn":

.....

på espan i hagen hekk bladi og dirra
og heggeliljun på stylkane girra

og frå "Det talar under haslerunnar":

Ned i vatnet heggelilja
spempla seg med mjåe silja

Og elles finn ein heggen med i "Dei ljose
aplan", "Dei skiftande blenk", "Uppi
måneskin" og "Mori som song".

HESTEHOV (*Tussilago farfara*)

Det er god økologi i "Kvifor skapte Du
bloman?":

Trå som hestehoven
i leirblanda jord,
om ein riv'n upp - som minni -
han rikare gror.

Elles finn vi arten nemnd i "Den seine
rosa".

HUMLEBLOM (*Geum rivale*)

Det var humleblomar
som var raude som munnen din,

.....

Frå diktet "Treet og krossen". Og i
"Sid'beinet" nikkar humleblomar tungt og
fulle av visdom. Og kven ville ikkje ha
vore "Uppi vi'eren" der vi finn planteso-
siologi i poetisk form:

Nedi bekkjine er det sløkje,
ut på engjine balderbrå,
maure, smellur og humleblomar
og blåe klokkur og silkjestrå -

I "Villarkonn" er også humleblomen
nemnd.

KONGELJOS (*Verbascum sp.*)

Frå "Det talar under haslerunnar":

Kongeljosi fremst seg sette.
reis i urdi, rake rette;
millom vokstran logans upp
brann dei ljøs i blom og knupp

Liknande bilete av ranke kongsljos i urene finn vi i "Treet og krossen" og "Uppi vi'eren".

KVANN (KVANNKÅV) (*Angelica archangelica*)

I dei to dikta "Gyri tek ut" og "Kom heim - du menskje" seier Aslaug Vaa at der voks kvannkåv. Kåv er ei dialektform av kalv. Og kvannkalv er i Telemark i-følgje Ivar Aasen namn på stengel og marg av fjellkvann. I Numedal kallast tilsvarande for kvannstut.

KVITE SJØNNUR (skogstjerner, *Trientalis europaea*)

I "Uppi vi'eren" heiter det:

Inni skogane, under grænane -
kvite sjønnur stend tett i tett.
uti vass-sigi og på myrane
der er myrulli ljøs og lett.

KVITVEIS (*Anemone nemorosa*)

Arten er berre med i eit einaste dikt:
"Dei ljøse aplan":

So sprang me lenger, etter kvitveis leita
og fann so fullt ein stad, ned med den
store veita,
og fluste stylkane so blomen blei ei lilje
som stod so vent til pusane av silje.

KÅVERAMS (Liljekonvall, *Convallaria majalis*)

Som nemnt under kvannkåv er kåv ei dialektform av kalv. Ove Arbo Høeg refererer kåverams fra Fyresdal. At Aslaug Vaa brukar namnet i fleire dikt ("Jo syng",

"Når ein sender bod", "Uppi vi'eren") tyder på at forma har vidare utbreiing i Vest-Telemark enn berre Fyresdal. "Jo syng":

Veit du at kåveramsperlun
dirrar på stylken sin?
Det er når linerlun
andar i blomen inn.


Når Aslaug Vaa elles nemner "rams" som i

Uppi vi'eren er det smyle
og i steinane bergebrur,
nedi tjønnane ljøse liljur
og rams og kongsljos i Kvikke-urd.

er det truleg kåverams - liljekonvall - som er meint.

LILJE

Kvite liljer er med i ei rekkje av Aslaug Vaas dikt, ofte saman med raude roser. Blomen er eit reint symbol, og når ho skriv "Sjå te liljune på marki", har det lite med aktuelle blomar i Telemarksnaturen å gjere. Lilje blir derfor ikkje teke vidare med her.



Ill.: Lids flora 1994.

LIND (*Tilia cordata*)

I linde-dikta er det mest alltid sol og sommar og kjærleik. Lindetrea "sviv i ljøs", eller

gul og grågrøn lyser lindi
som ein smil ho lauvet ber.

Og ofte er kjærleiken ikkje langt unna når
linda er med i diktet:

Lindetreet musar
til alle blommar små:
det venaste eg veit om
det er når eg fær sjå

under krona mi dei møtest
som hev kvarandre kjær,
då bivrar eg i blekkji
når eg kjenner dei er nær.

Elles finn vi fleire referansar til
spreiingsøkologien:

Hev du set lindbloman når dei drys?
Fyrst sviv dei, ein og ein og mange.

Gode og varme bilete med lind i finn vi i
dikta "Soli skin i Nivelkinnntunet", "Som-
mor", "Det draus lindeblomar", "Guten og
folen", "Maileik", "Sid'beinet", "Kvifor
skapte du bloman?" "Brureslått", "Når ein
kan sjå", "Marskveld" og "Dei skiftande
blenk".

LINNEA (sjå NARILGRAS)

I eit einaste dikt "Alle dei vårar", som er
eit av dei siste, blir linnea omtalt. I alle
andre dikt er arten kalla naril eller naril-
gras.

LYNG

Skilde lyngartar er ikkje nemnde, men
det står ein referanse til lyng kollektivt i
"Det som eingong var":

Då drog meg fangande
lynghei-angande -
so djupt eit rus! - den Gud faders jord.
Du var i lyng-angen,
denna samklagen
var det du ropa meg nedatt for.

MARIHAND (*Dactylorhiza maculata*)

Er berre med i diktet "Barsok" saman
med myrull. Ho rid ei augustnott:

Svart er nøtti
og Svarten spring
på strandestigen.
Haslebuskar
og oreholt, myrulldottar og marihønd
kring hestehøvan

MARINYKEL (*Botrychium lunaria*)

I diktet "Nykelen" blir namnet marinykel
teke bokstaveleg:

Ja, dynni stod læst til stogo di
men eg tok ein marinykel
og læste upp stengde dynnar -

Og denne nykelen opna meg rom
dit føtane ikkje fekk trø
- burtanfor stader og stengsel;

då var eg innafor veggane dei
som ikkje var timra av tre
men telgde av tid og timar;

der fekk eg kvile ved åren den
som ikkje var mura av stein,
men lødd upp av minne og lengsel -

Der baud du meg inn att i stogo di;
og alle dei marinyklan
dei la du i hendane mine.

MAURE (*Galium sp.*)

Teken med i "Uppi vi'eren", sjå under
HUMLEBLOM.

MELLSTOKKEN (*Chenopodium album*)

I "Gase kjem til Tvitulid" finn ein eit
bilete som det er lett å kjenne seg att i:

....
og ungane låg uppi næpun og grasa;
med dei i mellstokken reiv og sleit,
dei lura seg til og i næpune beit.

MOLTE (*Rubus chamaemorus*)

Finst berre i diktet "Linerlun", sjå under HASSEL.

MYRULL (*Eriophorum sp.*)

Finst med i "Kom heim - du menneskje", "Kunne eg tala" og "Barsok" (sjå under MARIHAND), og elles i "Uppi vi'eren" (sjå under KVITE SJØNNUR).

MÆKJE (*Iris sp.*)

På gammelnorsk tyder mækir sverd, og mækje er etter Ove Arbo Høeg det same som sverdlilje - eit eigentleg litterært namn i tidlegare tider. Mækje er ikke oppgjeve som namn frå Telemark tidlegare. Arten er kystbunden og høyrer ikkje heime i Vest-Telemark. Det er såleis litt underleg at "Gyri tek ut" til Nivelkinn og:

.....

Der var kvannkåv og bergbrur og sløkje og mækje

I diktet "Sjå te liljune på marki" er det klart at det er ei blå dyrka sverdlilje det handlar om:

- Der voks mækjebloom ved bekkjen;
dei blå liljun lyfte seg ivi storren -
"Nei, sjå den", sa guten
"Slike hev me heime au, du!"

Og han braut ein av stykken og gav henne.

"Men den var vel blå!" jubla ho.
Som du i augo!" sa han.
"Det finst kje venar."

Også i "Villarkonn" i eit tørt bekkjefar

.....

rann mækje upp og mjåe tein.

NARIL (Linnea, *Linnaea borealis*)

Nårisla er eit gammalt norsk ord for "helvetesild" og andre hudsjukdomar.

Linnea har vore brukt som medisiplante mot utslett som spreier seg. Det er sikkert eit døme på signaturlære eller "likt heilar likt". Plantenamnet er i dei fleste norske dialektar lett å avleie av nårisla, og ifølgje Ove Arbo Høeg ser det vanlege namnet i Vest-Telemark ut til å vera nårislegras, medan forma *narill* er oppgjeven for somme kommunar i Trøndelag. Naril er med i "Sjå te liljune på marki":


Ein såg upp i skogkanten att
no var der bare holt og steinar
og turrfurur med grått skjegg
og gamle vindfellur
som narilen smøygde seg ikring

og han er med i "På vegkanten":

- der skin det burti steinar små
i livd av narilflør.

Også i "Kvit natt" finn ein "seige tæger og naril-strengjir". Det er først i eit av dei seinare dikta til Aslaug Vaa, "Alle dei vårar", at narilen kallast linnea:

- den varme lykka -
frå steinen frå mosen
frå vesle linnea -



Ill.: Den nordiska floraen.

NATTFIOL (*Platanthera sp.*)

Arten er med i "Blå kveld", der:

ein drope dogg
ber jordis saft
til nattfiolens munn

OR (*Alnus sp.*)

Ore-artane spelar inga sjølvstendig rolle i dikta. Or nemnest saman med hassel i "Barsok" og "I marsi måne":


Kva er det som er so lett, som når
hasleraklar og oreraklar
voggar i vinden?
- Vent!

.....

Lettar enn oreraklan
voggar i vårvinden
sviv det kring i hugen
det - millom deg og meg.

I "Dei ljose aplan" har or ei birolle saman med hegg:

og du og eg skar namn inn i ein
bjørkelegg
og slost med greinine av or og hegg
og kjende etter kva som anga mest,
og du sa hegg og eg sa or var best.



Ill.: Lids flora 1994.

OSP (fleirtall espar, *Populus tremula*)

Ikkje uventa er det som dirrande ospeblad at arten for det meste er med (Burtanfor):

Men ingenting er som espan.
Der heng bladi og didrar og didrar,
eg veit bare eitt som er lik dei -
hjarteslagi mine når du legg hondi på
meg.

Liknande bilete finn ein i "Minnast du nettan i Nivelkinn?", "Gyri tek ut" og "Spurde eg espane". Og elles er osp og espar med i kulissane i "Treet og krossen", "Telemarkin" og "Novemberen".

RAPE (dvergbjørk, *Betula nana*)

Landskap med dvergbjørk finn ein i "Bergbruri" (sjå under BRISK) og i "Jo stryk til Nivelkinn":

På Fitjan stod demmur med halvklaka is,
og krullar av rape med rimfrose ris.

Ikkje uventa finn vi rapen også "Uppi vi'eren":

Kåveramsar og raude rape,
bergebrurir og siljutein,

Medan i "Kom heim - du menskje" har rapen ein annan farge:

- Her upp i heian
og langt av lei'an
er svarte vatten
og lange løkjer,
og gyllen rape
og kvannekåvar

RAUN (rogn, *Sorbus aucuparia*)

finn vi i "Gyri tek ut":

Raunane raudna og espane skolv,
i Høydalsmokyrrkja klokka slo tolv

I norske segner har rogn ofte vore knytt til eller symbolert dauden. Slik også i "I veir og vind":

- der ein ordepinne larrar
mot ei sjavdaua skjer,
og ein ormehàm flarrar
kring ei grein med rogneber.



Ill.: Lids flora 1994.

REINFANN (*Tanacetum vulgare*)

Er med i eit dikt "Soli skin i Nivelkinntunet":

.....
ryllik og reinfann og silkestrå lange
neia og nikka og tok til å ange,
torva på taket i solsteiken brann,
kjetta på burshella surra og spann.


RUME (rome, *Nartheicum ossifragum*)
er berre med som birolle i "Elvesteinen":

Høgt ivi der som bergbrurin stend i
ufsin
og skin i den grøne silkestakken sin
høgt ivi smylegras og rume
der dei smøygjer seg kring kvite
bjørkeleggjir
i ljuve kjosir og hallir.

ROSE

På same vis som for lilje ser det ut som rosa i Aslaug Vaa's dikt lite har å gjera med tornekrattet i "ufsin". Rosa høyrer stort sett til "i fremmin' lond". I fleire dikt skriv ho om gule roser, som sikkert høyrer heime i ein hage. Temaet rose vert derfor ikkje teke komplett med her. Berre når rose stikk, ofte då kalla klunger, blir rosa konkret og heimehøyrande i Telemarksnaturen ("Villarkonn"):

Hor kom dei av dei villarkonn
som fauk ut her ein vår?
Snart såg du bare nupettonn
der rosa draus, der tonnet stakk
og rispa holdet upp i sår.



Ill.: Lids flora 1994.

og i eit anna dikt ("Den seine sommornott"):

Då fer eit raggut bjønnberblad
meg kislans ivi kinnet,
då stikk ei taggutt klungerrad
meg sårans ned i skinnet.

.....

- Og desse mjuke siljublad
dei er som hendar våre
og denna kvasse klungerrad
var som dei ordi harde.

RYLLIK (*Achillea millefolium*)

Er med i eit einaste dikt, "Soli skin i Nivelkinntunet" (sjå under REINFANN).

SILJE, SILJETEIN (Selje, *Salix caprea*)

Selja er viktig i ei lang rekkje av dikta hennar. Ho er alltid knytt til noko positivt (som i "Sommormessa"):

Dei sat på strondi og såg på lilja-
- der seljebleri heng stillt og glitrar
han sa: Sjå liljune er som du!
Då tok ho bøygde ei grein av selja:
sjå slike teinar dei er som du!

Eller nokre strofer frå "Sjå te liljune på marki":

og siljuteinan som svagar i mot ein
og kjæler ein i andlitet

I "Eg er kje eismall" heiter det:

Eg er kje eismall under siljuteinan
når vatnet skvalar kring strondesteinan

I "Den seine sommornatt" (sjå også under ROSE) er biletet like eins:

Då kjenner eg ein siljutein
som tøygjer seg frå bakken
og retter ut ei kjæli grein
som stryk meg ivi nakken -

Andre dikt der selja er med, er: "Minnast du nettan i Nivelkinn", "Gyri tek ut", "Dei ljose aplan", "Uppi vi'eren", "Villar-konn", "Tidi talar", "Dei gule rosun", "Aprildag". Med så mykje kjensle for selje er det ikkje uventa at seljefløyta også har fått sitt eige dikt "Seljufløyta":

.....
det spring ein gut
ned med strendan

.....
for selja ho svår
burti holti.

.....
Guten skar ein seljutein
sneidde seg ut eit lite svikk
banka på den gylne borken,

truga, ba og trolla....



Ill.: Lids flora 1994.

SJAUSKJÆRE (skogstorkenebb, *Geranium sylvaticum*)

Sjauskjære er ei dialektform av det vanlegare *sjuskjære*, og er oppgjeven av Ove Arbo Høeg frå Rauland. Namnet siktar til dei sjuflika blada. Denne blomen er med i to av dikta til Aslaug Vaa, først i "Minnest du nettan i Nivelkinn?":

når storren seg nedåt strandsteinen legg
og sjauskjæra skin mot ein bjørkelegg
- då er det hendane hans ho kjenner
og ord så heite at hugen dei brenner,
brenner'n svart og eldande kvit

og også knytt til eit kjærleiks-bilete i "Treet og krossen":

-du og eg då me sprang i skogen
på grøne silketæpen
kvarda med sjauskjære

SJUKMORBLOM (stemorsblom, *Viola tricolor*)

I diktet " Det talar under haslerunnar" heiter det:

Sjukmorblomen stend og gnistrar
millom silkestrå og tistrar.

SLØKJE (*Angelica sylvestris*)

Sløkje og kvannkåv er i same slekt, og dei veks saman ved Nivelkinn ("Gyri tek ut"):

Der var kvannkåv og bergbrur og sløkje
og mækje

Vi finn også sløkje "Uppi vi'eren" (sjå under HUMLEBLOM).

SMELLE (*Silene vulgaris*)

"Uppi vi'eren" (sjå under HUMLEBLOM).

SMYLE (*Deschampsia flexuosa*)

Det angar av sommar og høynon når smylen veks i smyletveitbakkane eller jenta ligg i smylehøymuga (dikta "Jo stryk til Nivelkinn", "Ned att" og "Soli skin i Nivelkinnunet"). Elles er smylen med i kulissane i "Uppi vi'eren" og i "Elvesteinen".

SOLEIE (*Ranunculus sp.*)

I kjærleiksdiktet "Du slo ein ring" er soleia så vidt nemnd.

STORR (*Carex spp.*)

Som smylen er storren med for å gje ei kjensle av vegetasjon, og stor høyrer (økologisk rett!) til i strandkantar som i "Du vender andlitet burt" og i elvekantar som i "Minnest du nettan i Nivelkinn?" (sjå under SJAUSKJÆRE) og i "Burtanfor" der åi renn i lett, glidande straum:

krusar seg kring elvesteinar
og leikar med storstråi.

I "Novemberen" er biletet:

under nattgamal is
flyt storgraset
eitrande grønt.

STRANDNELLIK (*Armeria maritima*)

Arten har Aslaug Vaa møtt andre stader enn i Vest-Telemark, og eg går forbi han i denne samanhengen. ("Du vender andlitet burt", "Ved strendan" og "Fragment".)

STRANDRUG (*Elymus arenarius*)

Det same gjeld her som for arten over (finst i diktet "Skuggen og strendan").

SØTROT (*Gentiana purpurea*)

Søtrotta spelar saman med bergbruri den botaniske hovudrolla i det artige diktet "Søtrot og bergbrur" (sjå elles under sistnemde):

Når ein kjem på søtroti tenkjer ein,
det er då rart alt det Gud hev skapt,
slik ho stend og lokkar og glør med
blomen sin.

"Den må eg hava," sei dei,
og tek ho og skavar av roti
og bit djupt so safti renn.

Å hu, so æmende søt!

....

Søtroti under holti,
bergebrurin i ufsi,


....

Fyrst grov ho med bekken, so grov ho i
bakken,

so sopa ho innunder holti med stakken;
der fann ho att veksti med krone so raud,
og roti var saftig, det var ingi naud,
når de'r skifte på maten vil ein kje
minnast,

um det er æmnar enn alt som kan
finnast.

Ho smaka og beit og åt til ho gremdest,
og slutta og åt att, endå ho skjemdest.



Ill.: Den nordiska floraen.

Søtrotta kjem att i "To dikt" der forfattaren ved slutten av eit liv "sit i minningar att - slik uventa beiske som ettersmaken av søtrot...". Og i "Kom heim - du menskje" skriv ho om søtrot "med svik i namnet".

TIRILTUNGE (*Lotus corniculatus*)
er med i "Kvifor skapte Du bloman?":

Gul er tiriltunga
og håll som eit ord
- du gløymde for alltid,
men lova i fjor.

TISTEL

Frå same diktet som over:

Kvass som ein tistel
det er ditt sinn,
når hugen min trassar
den harde viljen din.

VASSLILJE (for det meste kvite, altså
Nymphaea alba)

Frå "Minnet du nettan i Nivelkinn?":

Når silju-teinan i bekken ho ser,
når heggjeliljun i vatnet seg speglar
og kvite vassliljun bivrar og breglar,

(resten av dette verset finst under SJAU-
SKJÆRE).

I "Sommormessa" er bodskapen at av
den grå gjørma på botnen sygs krafta upp
og vert til ljose liljer - og til seljetein, ein
hyllest til kretslaupet i naturen!:

På gyrmetjønnan flyt ljose liljur,
dei renn av sørpe og drukna gras,
og ut på strendan stend granne seljur
og millom steinar og kvist og kvas -

Dei ljose liljun hev lange tægar
som ligg og rotar i gyrma grå,
tøygjer seg kringom tunge lægar,
og dreg seg saftir der nedanfrå.

....

- der lag av lauv mellom steinan blotnar
og kverv i moldi frå år til år,
- i frå klompan som ligg og rotnar
selja sevjar seg kvar ein vår.

Det fer eit blenk i den ljose lilja
- ho ligg og vakjer den sommordag
og voggar seg mot den mjåe selja
der lauvet blikrar i lette slag -

Den som hev øyra vil no få høyre
det sviv ein song over gyrmehol
- det murrar lågt ned i aur og møyre
og svarar titrans frå luft og sol.

To kjenner klangen frå myrke botnar
som skirlesalmur i hugen sig:
at det som nedunder ligg og rotnar
kan stiga upp i ein venleik vig -

- der seljebliad heng stillt og glistrar
men brusar upp for ein fivrelsveng
og slær ei tone som ligg og sitrar
og set ein dirr i kvar nervestreng.

Neste verset er attgeve under SELJE. Dei ljose liljun er også med i "Uppi vi'eren".

VIER (VIU) (*Salix sp.*)

Vi har alt møtt vieren saman med mange av dei andre vekstane ovanfor (i "Berge-bruri" og "Uppi vi'eren"). Vieren er berre med som bakgrunnskulisse, og vi finn han som dette også i "Treet og krossen" og "Elvesteinen". Alle som har vore i Kviteseid, vil lett kjenne att bilete frå "Upp i svadbergi":

Då skien soli på eit berg,
og brædde fennan øvst i heian,
so dei rann i rislande bekkjir etter
svadine
og krusa seg kring viuholt og strunten
brisk.

TAKK!

Ein takk til mor mi, Unn Nordal, innfødd kviteseid, for at ho har hjelpt meg med å leite fram all botanikken i dikta til Aslaug Vaa!

INGER NORDAL.

Inger Nordal er professor i botanikk ved Biologisk Institutt på Blindern i Oslo.

Hun har særlig arbeidet med afrikanske liljer og Afrikas flora som spesialfelt, men har imidlertid brei erfaring med mange sider av norsk botanikk. Hun var i en periode redaktør av BLYTTIA, medlems-tidskriftet for Norsk Botanisk Forening, og hun har selv vært en flittig bidragsyter med stoff til dette tidsskriftet, ikke minst med stoff med spesiell interesse for vårt fylke.

Inger Nordal har vært gjest i TBF, på årsmøtet 1986 i Brevik. Her kåserte hun nettopp over emnet "Afrikas liljer".

Siden har hun gjestet oss i 1993 og snakket om overvintringsteorier og nunatakker. Hun var også guide for oss på et besøk i Oslo hvor vi fikk omvisning i fytotronen på Blindern.

FORKLARING PÅ NOKRE DIALEKTORD

aller	= aldri
blekkji	= blada
blikrar	= blafrar
breglar	= blenkjer
demmur	= dammar
dynni	= døra
eismal	= einsam
fennan	= snøfonnene
fivrelld	= sommarfugl
fjom	= dun
fluste	= skrelte
gil	= gjel
grot	= stein
hallir	= skråninger, bakkar
horr	= kor
ivi	= over
kislar	= kiler
kjosir	= viker
kokklar	= konglar
kvirve	= spreke
logans	= logande, flammande
lødd	= stabla
løkjer	= bekker som renn stille
mjá	= grann, slank
musar	= kviskrar
møyre	= mudder
reinar	= jordskråningar
sjavdaua	= sjøldau
sjønnun	= stjernene
skjærnar	= mognast
tein	= renning, skot (alltid om selje)
timbrur	= tømmerhus
skirsle	= reinsing, dåp
snjo-sjønur	= snøkrystaller
ufsi	= ura
veita	= grøfta

BOTANISKE GLIMT FRA HJARTDAL

Av Even W. Hanssen

Jeg har tidligere fortalt fra Tessungdalen i Tinn, som en utkant for TBF, om temmelig jomfruelige marker og sjanse for funn av godbiter.

Hjartdal kommune ligger nærmere sentrum av fylket, men noe av det samme kan nok gjelde.

Områdene ved Lifet og andre sørvendte fjell i hoveddalføret tør etterhvert være kjent, bl.a. etter artikler av Nordal og Wischmann (1996 og 1987) i Blyttia. Enkelte TBF'ere har vel også vært og tatt en titt.

Jeg vil derimot fortelle litt om opplevelser i Tuddal/Bondal, hvor geologien er svært interessant. Lag med kalkspatholdig skifer i Seljordgruppen gir spennende vegetasjon, og dessuten er det mye amfibolitt. Enkelte plasser er vegetasjonen mildt sagt yppig. Reisjå-fjellet nord for Reisjå har bestand med fine gamle almetrær i ca. 720 meters høyde over havet.

Her vokser skogsvinerot og rustjerneblom side om side med bergfrue, blårap og rosenrot.

Under Åsen i Bondal er det striper av amfibolitt. På høydelaget 820 - 860 m.o.h. finner vi skåresildre og bergfrue, sammen med de kraftige, gule kurvene til flekkgrisøre, lave sølvmurer og lodne bladrosetter av filtkongsslys. I disse bergene kan det nok skjule seg virkelige godbiter.

Lia under Viknuten, vest for Bonsvatn (UTM 7827/7928) er imidlertid noe ganske for seg selv. Allerede på et satellittbilde i målestokk 1:250.000 kunne en se at her er det frodig. Og skuffet ble ikke den som dro dit. Området ligger øst-sørøstvendt og er dominert av fjellbjørkeskog. Berggrunnen er en bred stripe kalkspatholdig skifer midt i lia.


Høgstaudene florerte med mannshøye turt

og storklokker. Fjelltistel og hvitbladistel hører med. Brannsvøver lyser imot en, og på fjellframspring står svartstarr og bergfrue. Krevende arter som trollbær og skogsvinerot trivdes bra i denne høyden (800 - 840 m.o.h.). Vakre innslag er hvitsoleie og søtrot.

Bare på en kort streif i denne lia ble det funnet 125 arter. En kan spørre seg om rikdommen i ei tilsvarende sørvendt li som det helt sikkert finns flere av i nærheten.

Myrene i området er også rike flere steder. Jeg fikk selv bare kikka på ei flatmyr i Tuddal på 925 m.o.h. Her stod i hvert fall gulstarr og store mengder strengstarr.

Områdene her er så absolutt verdt å bli utforsket botanisk. Noe skjer i og med at **Brattefjell - Vindeggen** er foreslått vernet i **Landsplan for Nasjonalparker** (1986). Undertegnede kunne så absolutt tenke seg flere turer hit, kanskje sammen med TBF?



EN PREST OG NATURFORSKER I SELJORD I DET 18. ÅRHUNDRE

Av Per Sunding.

Wille er et velkjent navn for norske botanikere. Da tenker man helst på Johan Nordal Fischer Wille (1858 - 1924), som var professor i botanikk ved universitetet i Christiania, og bestyrer av den botaniske hagen på Tøyen. Men også hans grandonkel, **Hans Jacob Wille**, fortjener så avgjort å erindres i denne sammenheng. Særlig Telemarksbotanikere har jo grunn til å merke seg navnet og personen!



Hans Jacob Wille. Reproduert fra Hagen (1897).

Hans Jacob Wille ble født i 1756 på Skornes prestegård i Seljord, der hans far var sogneprest. Som far så sønn, - han utdannet seg til teolog og ble 23 år gammel ansatt som "personell-kapellan" hos faren. Dette var midt i opplysningstiden, der ofte prestene var i første rekke med å registrere natur- og kulturforhold og utbre kjennskapet til disse videre. Man kan

jo bare tenke på "potet-prestene", som bidro til å gjøre den nye planten med de spiselige knollene kjent!

Amtmann Moltke i Bratsberg Amt oppfordret Wille innstendig til å forsøke å samle stoff og gi en beskrivelse av sin hjembygd. Wille kastet seg med stor energi over oppgaven, og allerede i 1786 ble "**Beskrivelse over Sillejords Præstegield i Øvre-Tellemarken i Norge, tilligemed et geographisk Chart over samme, forfattet av Hans Jacob Wille, Capellan pro Persona sammesteds**" utgitt i København. Utdrag av boken hadde da allerede tidligere vært trykt i Christiansands Adresseavis. Boken var i noen grad laget over samme lest som Hans Strøms "**Søndmørs Beskrivelse**". Wille hadde da også ofte kontakt med Strøm under utarbeidelsen av Seljordsboken og nevner på mange steder den taknemlighetsgjeld han sto i til Strøm. Men Willes Seljordsbeskrivelse ble så langt i fra noen blek etterlikning, men et selvstendig verk av høy kvalitet, meget innholdsrik og vel disponert. I tillegg kan sies at den i forhold til datidens skrivestil er velsignet klar og lettest! Boken oppnådde da også alminnelig anerkjennelse i samtiden, og i en uttalelse fra "Det Topographiske Selskab i Norge" i 1792 ble den faktisk anbefalt som forbilde for andre lokalhistoriske forskere, som ble bedt om å benytte samme disposisjon i sine arbeider (Christensen 1924, Grieg 1979).

I "**Sillejords Beskrivelse**" omtaler Wille på 292 sider alle tenkelige og utenkelige sider ved hjembygdens natur- og kulturforhold. Boken er inndelt i fire hovedkapitler: 1) Sillejords geografisk-historiske Beskrivelse, 2) Sillejords fysiske Beskri-

Beskrivelse
over
Sillejords Præstegjeld

i
Dyre = Sellemarken
i Norge,

tilligemed
et geographisk Chart over samme,

forfatter

af

Hans Jacob Wille,

Capellan pro Persona sammesteds.



Kjøbenhavn 1786.

Trykt paa Gyldendals Forlag,
hos Johan Rudolph Eriks.

Karnie 1787

Tittelsiden fra "Sillejords Beskrivelse", fra et eksemplar som tydeligvis har tilhørt hans samtidige P.F.Suhm, en av grunnleggerne av Videskabsselskabet i Trondheim. Skal vi gjette på at det har vært en gave fra forfatteren?

velse, 3) Sillejords oeconomiske Beskrivelse og 4) Sillejords politiske Beskrivelse. Mer informative er kan hende overskriftene på enkelte av de 63 underkapitler boken videre er inndelt i: "Om Stedets Navn", "Om Stedets Jord-Arter", "Om dets Steen-arter", "Om de vilde Træer", "Om urt-erne", "Om Agerens Beskaffenhed og Til-beredning", "Om Sætrene", "Om Kledes-dragten", "Om Folkets naturlige Beskaf-fenhed", "Om deres Sygdomme og Hus-raad", osv. I tillegg til at han selv streift høyt og lavt og vidt omkring, brukte han opplysninger fra lokalbefolkningen og foretok arkivstudier i København til ytterligere utfylling.

For botanikere vil spesielt avsnittene om trærne og urtene være av interesse; disse opptar da også en betydelig del av boken og viser tydelig forfatterens store interesse for plantelivet. Både for trær og busker gir han artslister over hva som da var kjent i Seljord, artenes lokale utbredelse, lokalnavn, og en mengde om bruk av dem i dagliglivet, som medisin, og om overtro som er forbundet med dem. Som kulturhistorisk kildemateriale har "Sillejords Beskrivelse" derfor hatt og har stadig stor betydning.

Blant de plantartene Wille registrerte i Seljord finner vi atskillige ugressarter som i nyere tid nesten aldri er å se mer, f.eks. klinte, *Agrostemma githago*, og gullkrage, *Chrysanthemum segetum*. Allerede 100 år senere ble de ikke gjenfunnet da hans grandnevø, den nevnte professor N.Wille og enkelte andre botanikere "gikk opp" traktene på ny (N.Wille 1902). Men meget av det som omtales av botaniske gleder kan fortsatt oppleves av nåtidens naturinteresserte: hvitsoleie og kongsspir, fjell-dronning ("siifylde" hos Wille) og vadde-rot. Den sistnevnte var han forresten den første som fant her i landet (på grunn av flytting av Seljords grenser ligger hans lokalitet i dag utenfor det nåværende Seljord). Av interesse for dette tidskriftets

lesere kan det kanskje være at han ikke fant småtveblad, *Listera cordata* i Seljord, selv om grandnevøen 100 år senere omtalte den som "ikke saa sjelden".

Av plantearter med tyngdepunkt i kysttraktene kan vi merke oss at Wille fant barlind, *Taxus baccata*, selv om den "voxer her ikke meget, og er ikke rank og ryk,...". Dette er en av de innerste lokalitetene i Øvre Telemark og på Østlandet i det hele tatt. Derimot er det meget tvilsomt når han like etter beretter om kristtorn eller "Been-veed", *Ilex aquifolium* fra Seljord. Det er nokså usannsynlig at den frostømfindtlige kristtornen skulle kunne trives i et område med såvidt strenge vintre (Holmboe 1914, Bjørndalen 1976). Men hva er det så Wille har forvekslet den med? Nå til dags ville man gjette på et forvillet eksemplar av den vanlige prydbusken mahonia, *Mahonia aquifolium*. I herbariet ved Botanisk museum ligger det kollektar av denne som selv erfarne botanikere har feilbestemt til kristtorn. Men mahonia-busken ble først innført som hageplante til Europa fra det vestlige Nord-Amerika et halvt århundre etter at "Sillejords Beskrivelse" ble trykt. Holmboe (1914) antyder at Wille sannsynligvis ikke selv har sett planten, men bygger på andres opplysninger, og at busken i virkeligheten har vært krossved, *Viburnum opulus*, som i store deler av landet går nettopp under navnet beinved.

